



## **Forskrift om tildeling av langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarende bustad med særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.**

### **Heimel:**

Vedtatt av Voss kommunestyre (22.06.2017) med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 3-2-a, andre ledd, jf. lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettigheter (pasient- og brukarrettighetsloven) § 2-1 e.

### **§ 1. Føremål:**

Føremålet med forskrifta er å sikra at brukarar med omfattande tenestebehov har rett til langtidsplass på sjukeheim eller tilsvarende bustad med heildøgns tenester.

Forskrifta skal syne kva for kriterier som ligg til grunn for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad med heildøgns omsorg, samt sikra korleis ein kan ivareta brukarane i ventetida.

### **§ 2. Virkeområde:**

Forskrifta gjeld alle brukarar som bur eller oppheld seg i Voss kommune, og som har eit varig, omfattande, døgnkontinuerleg pleie- og omsorgsbehov som ikkje kan oppfyllest tilstrekkeleg i eigen heim eller annan tilpassa bustad. Langtidsopphald vert gjeve ved kommunen sin sjukeheim eller bu tilbod med tilsvarende tenester.

### **§ 3. Definisjonar:**

#### Langtidsopphald sjukeheim:

Opphald utan sluttdato / tidsbegrensa opphald der brukaren sin helsetilstand og behov for helse- og omsorgstenester gjer at det ikkje er sannsynleg at vedkomande flyttar heim eller får tilbod om lågare grad av helse- og omsorgstenester.

#### Vurderingsliste:

Kommunen si oversikt over brukarar som etter søknad har fått vedtak om at dei er kvalifisert til langtidsopphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av opphald. Vurderingslista er ikkje eit kø system, og plass på vurderingslista gjev ikkje fyrsterett til ledig plass på sjukeheim.

#### **Bustad særskild tilrettelagt for heildøgns tenester:**

Bustad der det vert gitt døgnkontinuerleg teneste på eit nivå som kan samanliknast med tilbod i sjukeheim. Tjeneste vert ytt etter individuell vurdering av behov i enkeltvedtak om tenester.





#### § 4. Kriterium for tildeling:

Hovudkriteriet er at langtidsopphald i sjukeheim vert tildelt personar med behov for døgkontinuerlig oppfølging av medisinsk behandling og/eller pleie og omsorg, tilsyn og som er varig ute av stand til å ivareta nødvendig eigenomsorg. Grundig kartlegging og vurdering må utførast for å koma fram til om langtidsopphold er rett omsorgsnivå for den enkelte. Lavast effektive omsorgsnivå (LEON)/ beste effektive omsorgsnivå (BEON) vert nytta som prinsipp ved tildeling av tjenester og tiltak i omsorgstrappa. Vurdering av behovet for helsehjelp skjer via kartleggingsverktøyet IPLOS, som er eit lovpålagt helseregister med data som skildrar bistandsbehov og ressursar til dei som søker eller mottok kommunale helse- og omsorgstenester.

Føresetnadar:

Alle andre alternative tenester er vorte vurdert og/eller prøvd utan noko særleg effekt.

Brukar med somatisk helsesvikt og/eller demensdiagnose som har behov for omfattande medisinsk behandling som ikkje kan ytast i heimen.

Brukar med omfattande døgkontinuerlig behov for pleie og omsorg, som ikkje kan verta oppfylt tilstrekkeleg i eigen heim eller annan tilpassa bustad.

Brukar som er varig ute av stand til å ivareta eiga helse og å meistra dagleglivet sine gjeremål på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap.

#### § 5. Søknad og vedtak

For at saka skal vere tilstrekkeleg utreda, må det verta innhenta opplysningar frå brukaren og/eller partsrepresentant, med fylgjande føremål:

- Gi brukar informasjon og rettleiing om tenester i kommunen, slik at brukar kan ivareta sine interesser i saka, her under informasjon om klage, betaling m.m.
- Kartlegge brukaren sine ressursar og behov for helse- og omsorgstenester, sosial kontakt og opplevd trygghet
- Vurdere brukaren sin samtykkekompetanse og eventuelle behov for å få oppnemnt ein partsrepresentant
- Kartlegge brukaren sitt ynskje om partsrepresentant
- Innhente ytterlegare opplysningar som er naudsynt for saksutgreiinga
- Avklare brukaren sine ynskje etter at tilstrekkeleg informasjon er gitt, her under om det er brukaren sjølv eller partsrepresentanten som har gitt uttrykk for desse ynskja.

Brukaren kan velje å takke nei til tilbod om langtidsopphald i sjukeheim og/eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, med mindre brukaren ikkje er samtykkekompetent og motset seg naudsynt helsehjelp. Brukaren kan søkje på nytt om langtids plass i sjukeheim eller heildøgns omsorgsteneste når behov endrar seg.

#### § 6. Vurderingsliste:

Søklarar som fyller vilkåra for langtidsopphald skal ha vedtak frå tildelingskontoret. Dersom det ikkje er ledig plass skal kommunen setja søkjar på vurderingsliste dersom det er forsvarleg at brukar med omfattande behov for heildøgns helse- og omsorgstenester bur heime i på vente av langtidsopphald i sjukeheim. Dei helse- og omsorgstenestene som vert gitt i ventetida, skal til ei kvar tid vera forsvarlege og behovsdekkjande.

Ved ledig plass skal alle på vurderingslista vurderast av tildelingskontoret, og den med størst hjelpebehov ut frå vurderingsmomenta i § 4 skal prioriteras. Tildelingskontoret har ansvar for å halde oversikt over personar som ventar, samt å vurdere situasjonen kontinuerlig. Dersom det oppstår ein situasjon der det hastar for den enkelte brukar å få eit langtidsopphald, skal det utan opphald verta gjeve tilbod om opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester.

## § 7. Sakshandsamingstid:

Viser til Forvaltningslova § 11. a;

*Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold.*

*Dersom det må ventes at det vil ta uforholdsmessig lang tid før en henvendelse kan besvares, skal det forvaltningsorganet som mottok henvendelsen, snarest mulig gi et foreløpig svar. I svaret skal det gjøres rede for grunnen til at henvendelsen ikke kan behandles tidligere, og såvidt mulig angis når svar kan ventes. Foreløpig svar kan unnlates dersom det må anses som åpenbart unødvendig.*

*I saker som gjelder enkeltvedtak, skal det gis foreløpig svar etter annet ledd dersom en henvendelse ikke kan besvares i løpet av en måned etter at den er mottatt.*

## § 8. Eigenandel:

Kommunen si utrekning av eigenandel følgjer av Forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester.

Betaling av tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester (omsorgsbustad) kjem fram av kontrakten som vert inngått om det aktuelle bu tilbodet. Det same gjeld for andre abonnentstenester som kommunen yt i desse bustadane. Eigenbetaling for helse-og omsorgstenester i slikt butilbod følgjer reglane i forskrift 16.des 2011 nr 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester utanfor institusjon.

## § 9. Klageadgang:

Vedtak kan klagast inn til Fylkesmannen, jf. pasient- og brukerrrettighetsloven § 7-2. Ein klage skal vera skriftleg, jf. pasient- og brukerrrettighetsloven § 7-3. Ein eventuell klage skal fremjast for tildelingskontoret i Voss kommune, som tek saka til ny vurdering. Dersom det ikkje vert gjeve medhald skal tildelingskontoret sende klagen utan ugrunna opphald til Fylkesmannen for endeleg vurdering og avgjerd.

Klagefrist er 4 veker, og skal gå fram av vedtaket jf pasient- og brukerrrettighetsloven § 7-5. Tildelingskontoret kan gje nærare opplysingar eller hjelpe med å framsetta ein klage.

## § 10. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.07.2017